

## Vedtekter for Volda Næringsforum

Vedteke etter årsmøte 10. april 2024

### §1. Foreininga sitt namn

Foreininga sitt namn er Volda Næringsforum

### §2. Medlemer

Medlemskap er ope for alle som driv næring i Volda.

### §3. Juridisk person

Foreininga er sjølveigande og ein frittstående juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld.

### §4. Føremål

Volda Næringsforum er ei foreining som skal fremje utvikling av næringslivet i Volda og ivareta regionen sine næringspolitiske interesser, og gjennom dette skape ein god bu, handels og opplevingsdestinasjon.

Foreininga skal såleis skape meirverdi for medlemene gjennom å:

- Aktivt medverke til at næringslivet i Volda får gode og føreseielege rammevilkår
- Medverke til samarbeid mellom dei næringsdrivande
- Søkje samarbeid med Volda kommune, fylkeskommunen, Høgskulen i Volda og andre statlege organ
- Søkje samarbeid med selskap, lag, organisasjonar og andre kommunar
- Skape møteplassar som basert på medlemene sine behov gir kompetanseutvikling og samarbeid mellom medlemene
- Aktivt bidra til positiv marknadsføring av medlemene, Volda og regionen

### §5. Styret

Foreininga skal leiast av eit breitt samansett styre der 9 medlemsbedrifter er representert med 1 tilsett frå kvar bedrift. Det skal haldast minimum 8 styremøte i året. Ordførar og kommunedirektør i Volda kommune vert innkalla til 4 styremøte pr år, med møte- og talerett.

Styresamansetjinga skal avspegle medlemsmassen best mogleg, og det er mål om kjønnsbalanse i styresamansetjinga.

Styret er vedtaksdyktig ved oppmøte/fullmakt av minst 5 styremedlemer.

Styret skal trekke opp hovudliner for foreininga sitt arbeid framover. Styret kan opprette og avvikle undergrupper. Styret kan vere representert i slike undergrupper som skal fremje definerte fokusområde for foreininga.



Faste styremedlemmar vert valt for 2 år, varamedlemmar for 1 år.

Styrevervet er personleg. Styret sin leiar og nestleiar skal veljast særskilt årleg ved kontinueringa av styret.

Årsmøtet delegerer val av valnemnd til styret.

Om eit fast styremedlem ikkje har høve til å halde fram regelmessig i vervet, vil eit varamedlem tre inn i styret som fast medlem fram til neste årsmøte. Varamedlemmar har møterett

### §6 Medlemsskap, serviceavgift og årsbudsjett

Serviceavgift og årsbudsjett skal fastsetjast årleg av årsmøtet, gjeldande frå 1. januar i påfølgjande år. Innmelding i Volda Næringsforum skal skje skriftleg. Utmelding må skje skriftleg innan 31.12., og gjerast gjeldande frå påfølgjande kalenderår.

### §7. Dagleg leiar og andre tilsette

Foreininga kan tilsette dagleg leiar og/eller andre som har ansvaret for foreininga si daglege drift i tråd med dei retningslinjer og pålegg som er gitt av styret. Styret har ansvar for tilsetjinga. Styret kan vedta å tilsette fleire personar i selskapet. Dei kan og leige inn konsulentar og/eller prosjektleiarar i samband med bestemte prosjekt som foreininga vedtek å engasjere seg i.

### §8. Årsmøte

Kvart år innan 15. april skal det haldast årsmøte der følgjande skal handsamast:

- Årsmelding
- Revidert rekneskap
- Val
- Fastsetjing av serviceavgift
- Vedtektsendringar

Alle vedtak krev vanleg fleirtal. Vedtektsendringar krev 2/3 fleirtal.

### §9. Oppløysing

Avgjerd om Volda Næringsforum si oppløysing kan berre finne stad på lovleg innkalla ordinært eller ekstraordinært årsmøte der frammøte er 50% av medlemstalet, med 2/3 av dei møtande sine stemmer. Dersom frammøtet ikkje er 50% av medlemstalet, vert det innkalla til ny ekstraordinær generalforsamling der oppløysing kan vedtakast av 2/3 av dei møtande sine stemmer.